

## Forskrift 18. juni 2024 om skulereglar i Sande kommune

*Heimel: Fastsett av kommunestyret i Sande kommune 18. juni 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30, om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-4, § 10-5, § 10-6, § 10-7, § 13-1, § 13-2 og § 27-2.*

### § 1 Føremål og virkeområde

Alle elevar og tilsette i grunnskulen i Sande skal oppleve eit trygt, inkluderande og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (oppl.ova § 12-2). Skulane i Sande er PALS-skular, og formålet byggjer på positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. PALS skal danne grunnlaget for eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø for alle, med innlæring og forventningar knytt til verdireglane **respekt, ansvar og omsorg**.

Skulereglane skal bidra til eit føreseieleg og godt læringsmiljø for både elevar og tilsette ved den enkelte skule.

Skulen skal i lys av dette sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skulereglar (oppl.ova § 10-4).

Skulereglane gjeld på skulen sitt område i skuletida, ved organisert skuleskyss, ved alternative læringsarenaer som er under skulen si leing og ansvar, og ved andre aktivitetar som skjer i skulen sin regi, sjølv om aktiviteten fysisk skjer andre stadar enn skulen og skuleområdet. Skulereglane i denne forskrifta gjeld for alle elevar i offentlege grunnskular i Sande kommune.

### § 2 Skuledemokrati

Skulen skal sørge for at både elevar og foreldre deltek i planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda til skulen, mellom anna arbeid med skulemiljø, kvalitetsutvikling i opplæring og fastsetjing av skulereglar. Skulen skal leggje til rette for at elevane skal ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet, jf oppl.ova § 10-4.

### **Elevdemokrati**

Dersom elevane ikkje vel annan måte å organisere seg på, skal det ved kvar grunnskule i kommunen vere eit elevråd som er valt av elevane ved skulen, jf oppl.lov § 10-5.

### **Foreldredemokrati**

Med mindre foreldra vel ein annan måte å organisere seg på, skal det ved kvar grunnskule i kommunen vere eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skulen. Dersom foreldra ønskjer det, dannar ein kommunalt arbeidsutval blant foreldra med to representantar frå kvart arbeidsutval frå kommunen sine grunnskular.

### **Samarbeidsutval**

I Sande kommune skal samarbeidsutvalet organiserast ved utvida møter i foreldrearbeidsutvalet (FAU). FAU skal kalle inn til utvida møter minst to gangar i løpet av skuleåret, og fleire møter ved behov. Dersom utvalet skal handsame saker som er underlagt lov om teieplikt, skal elevane ikkje vere ein del av handsaminga. Desse representantane skal kallast inn:

- To representantar frå elevråd
- To representantar frå foreldrearbeidsutvalet
- To representantar frå undervisningspersonalet
- Ein representant frå andre tilsette
- To representantar frå kommunen. Den eine av desse skal vere rektor ved skulen

### **§ 3 Plikt til deltaking**

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følge skulereglane. Kommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa vert følgde opp. Skulen skal føre fråvær for elevar som ikkje møter til undervisning, og følge handlingskjede ved skulefråvær jf. BTI i Sande; betre tverrfagleg innsats. Foreldra pliktar å melde frå til skulen om planlagd fråvær og elevane sitt sjukefråvær, jf. oppl.lov § 10-6.

#### § 4 Skulereglar

Kommunen skal gjennom forskrifta om skuledemokrati og rettar og pliktar for elevane, gi skulereglar om orden og åtferd. Skulereglane skal angi kva tiltak som kan brukast når elevane bryt skulereglane, og korleis slike saker skal behandlast, jf oppl.ova § 10-7.

Den enkelte skule har, i tillegg til forskrift om skulereglar, regelmatriser med forventningar, knytt til dei ulike arena i skulekvardagen til elevane, jf. PALS-arbeidet i Sande kommune.

#### Generelle skulereglar

- Skulane skal vere mobilfrie, og smartklokker er likestilt med mobiltelefon. Mobiltelefonar kan nyttast pedagogisk i opplæringa etter avtale med skulen sine tilsette. Mobiltelefonar kan etter individuell vurdering og avtale med rektor nyttast av enkeltelevar
- Når elevar tek med elektronisk utstyr eller verdisaker på skulen, er dette på eige ansvar
- Ved fråvær skal føresette melde frå til skulen gjennom skulen sitt oppvekstadministrative system. Fråvær som ikkje er meldt vert rekna som ugyldig
- Elevar skal ikkje bruke plagg som dekkjer heile ansiktet eller delar av det, når dei får opplæring. Det same gjeld når elevar deltek i skulefritidsordninga eller får leksehjelp

#### Reglar knytt til orden

Eleven viser god orden når:

- du er aktivt med i opplæringa, og følgjer skulereglane jf. opplæringslova §10-6
- du møter presis og budd til timar og avtalar
- du gjer ferdig avtala heimearbeid/lekser, innan fastsette tidsfristar
- du har med utstyr som er nødvendig for opplæringa
- du tek vare på og held orden i utstyr som vert nytta på skulen, både inne og ute
- du held skuleområdet reint og ryddig
- du brukar digitale verktøy i undervisninga, berre etter avtale med lærar

#### Reglar knytt til åtferd

Eleven viser god åtferd når:

- du viser respekt, ansvar og omsorg for medelevar og tilsette på skulen
- du følgjer beskjedar
- du bidreg til arbeidsro og læring i timane

- du bidreg aktivt til eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø
- du bed om løyve dersom du skal forlate skuleområdet i skuletida
- du bruker skulen sine digitale verktøy til skulearbeid, etter avtale med lærar

#### **Åtferd som ein har nulltoleranse for:**

- Utsetje andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, baksnakking, diskriminering, trakassering, rasisme, vald eller truslar om vald, eller utestenging
- Bruke gjenstandar som kan skade eller true personar, bygningar eller inventar
- Juks, plagiat eller uregelmessig bruk av KI (kunstig intelligens) ved prøver eller i anna skulearbeid
- Hærverk på skulen eller andre sin eigedom/eigendelar
- Ta med og/eller bruke sigarettar, snus, e-sigarettar, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- Ta eller dele bilete, film eller lydopptak utan at det er gitt samtykke på førehand

#### **§ 5 Grunnlag for vurdering i orden og/eller åtferd**

Korleis eleven opptrer i samsvar med § 4 i denne forskrifta, vil vere grunnlaget for vurdering i orden og åtferd. Ved vurdering i orden og åtferd gjeld § 3-4 i sentral forskrift til opplæringslova (*merk: det skal utarbeidast nye forskrifter, § 3-4 er den som pr i dag gjeld*).

#### **§ 6 Framgangsmåte ved bruk av tiltak på brot etter § 7 (lokal forskrift)**

Før ein tek avgjerd om å bruke tiltak, skal eleven få høve til å forklare seg jf. opplæringslova §10-2: *«Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve etter denne lova, og har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning».*

Alle tiltak ved brot på reglane skal vere av ein slik art at eleven forstår kva reglar som er brotne, og kvifor skulen må reagere på dette. I vurderinga av tiltak skal regelbrot og tiltak sjåast i ein samanheng. Det skal leggast vekt på eleven sin alder, føresetnader og vilje til å rette opp i regelbrotet. Det skal ikkje skje kollektive reaksjonar på regelbrot. Fysisk refs eller krenkande behandling av elevar ved brot på reglar er ikkje lov.

#### **§ 7 Tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd**

Eit tiltak skal kome så nært regelbrotet som mogleg, men likevel ikkje tidlegare enn at kvar sak er forsvarleg opplyst og handsama.

### Tiltak som kan nyttast etter § 7

- God beskjed/påminning frå ein vaksen i situasjonen.
- Problemløysingssamtale med kontaktlærer, rektor eller ein annan tilsett på skulen. Ved behov vert foreldre/føresette kalla inn.
- Skulen sine tilsette kan gi munnleg eller skriftleg merknad
- Skulen kan kontakte foreldre/føresette via telefon, eller ved å melde skriftleg via kommunen sitt oppvekstadministrative system
- Ved juks, plagiat eller uregelmessig bruk av KI (kunstig intelligens) ved prøver eller i anna skularbeid, vert arbeidet annullert
- Inndraging av gjenstandar:
  - Ved brot på skulereglane kan digitalt utstyr inndragast
  - Gjenstandar som uroar arbeidsro og opplæring kan midlertidig inndragast frå elevane, og skal leverast attende seinast innan skuledagen sin slutt
  - Dersom sigarettar og snus er drage inn, skal dette hentast av foreldre/føresette
  - Ulovlege gjenstandar og rusmiddel, som til dømes våpen, våpenliknande gjenstandar og narkotika vert levert til politiet
- Endring/avgrensing av elevar si tilstadevere:
  - Ved brot på skulereglane kan elevar få pålegg om å utføre oppgåver i, før eller etter skuletid, for å rette opp skade som ein har påført skulen sin eigedom eller eigedelar. Skulen kan krevje tilstadevere på skulen før eller etter skuletid, endre friminutt med omsyn til tidspunkt og lengd, samt ta ifrå elevar tillitsverv
  - Avgrensa rørslefridom i friminutt, til dømes påbod om å vere i nærleiken av ein namngjeven tilsett, eller om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute
- Bortvising (jf oppl.love § 13-1)  
Bortvising skal berre brukast ved alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane. Dette gjeld uavhengig av lengda på bortvisinga. Før ein nyttar bortvising, skal andre tiltak vere vurdert. Ved all bortvising skal skulen varsle føresette.

Det er rektor som vedtek at ein elev skal visast bort. Rektor kan delegere mynde til lærar å vise bort elev frå ei opplæringsøkt som lærar sjølv har ansvar for. Ein lærar kan vise bort berre frå ei opplæringsøkt, avgrensa inntil to klokkeimar. Bortvising for ein dag eller meir vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.

- Elevar på 1.-7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av skuledagen. Foreldre/føresette til eleven skal varslast før ein elev på 1.-7. trinn vert vist bort for resten av dagen. Skulen kan ikkje setje i verk bortvising utan at det vert organisert tilsyn for eleven, eller at eleven vert henta av foreldre/føresette
- Elevar på 8.-10. trinn kan visast bort i inntil tre dagar. Foreldra/føresette skal varslast
- Elevar kan visast bort frå tur eller arrangement i skulen sin regi

- Pålagt skulebyte (jf oppl.lov § 13-2)
- Kommunen ved skuleeigar har mynde til å gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule, dersom åtferda til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar
- Erstatning
- Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr, kan eleven og eleven sine foreldre/føresette verte erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2
- Eleven kan få høve til å utbetre skaden sjølv, dersom dette er vurdert å vere tenleg. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell
- Alle straffbare handlingar som skjer på skulen sitt område, vert vurdert meldt til politiet. Eleven sine foreldre skal i slike tilfelle alltid varslast av skulen uavhengig av om også politiet tek kontakt med heimen

## **§ 8      Krav til dokumentasjon**

- Avgjerder om tiltak etter dette ordensreglementet skal vere grunnjevne.
- Det skal visast til kva regel som er broten, kva opplysningar som er lagde til grunn og kva vurderingar som er gjorde. Grunngeving skal gjevast samtidig som eleven får vite kva avgjerd som er teken, med mindre særlege forhold gjer dette vanskeleg.
- Grunngevinga kan gjevast munnleg, men i særleg alvorlege saker bør den vere skriftleg.
- I saker som gjeld krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal skulen handsame desse etter opplæringslova § 12-4 og § 12-5.
- Førsette skal orienterast om alvorlege brot på ordensreglementet. Varselet kan gjevast munnleg, men bør i særleg alvorlege tilfelle vere skriftleg.

Når det gjeld plikta til å gripe inn, er det ikkje nødvendig at skulen dokumenterer kvart tilfelle av irettesetjing av elevar. Dersom episoden som det blir gripe inn mot, er alvorleg eller det trengs stor innblanding, må dette dokumenterast. Ved munnlege meldingar må det dokumenterast på annan måte, til dømes gjennom møtereferat eller loggar.

## **§ 9      Kunngjering**

Skulereglane skal gjerast kjent for elevar, førsette og tilsette ved skulestart kvart år. Det kommunale reglementet skal alltid vere tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.

## **§ 10    Iverksetjing**

Denne forskrift trer i kraft frå og med 1. august 2024.